

Gode heste- og husdyrfolk!

Velkommen til jubileumsutstilling på Mo i Førde. I år er det 150 år sidan den fyrste hesteutstillinga vart halden her i fylket, etter statleg vedtak om årleg utstilling på Vestlandet for hest. Også denne fyrste fann stad på Mo jordbruksskule. Mange reknar hendinga i 1864 for å vere den fyrste husdyrmønstringa på Vestlandet i det heile, og det er for så vidt rett, men det vart halde fesjå tidlegare og, mellom anna på Voss i 1858. I juni 1864 starta altså det heile opp for alvor på Mo, og 50-årsjubileet vart høgtida med ei storstila mønstring i Førde i 1913. Etter 100 år var det klart for nok ei flott markering, i 1964. Den gongen var utstillingsplassen i sentrum teken i bruk, medan vi no i 2014 er tilbake der alt starta: *På Mo*. Ein kan soleis seie at ringen er slutta, men vonar sjølvstyggt at vi kan feire enno mange fleire jubileum i framtida. Hesten har framleis si trufaste tilhengjarskare, til trass for at han ikkje lenger er naudsynt som trekraft i jordbruket. I høve jubileumsutstillinga no i juni 2014 kan det høve med eit tilbakeblikk på tidlegare tider, og det som gjekk føre seg då.

Det begynte i 1864

20. juni var datoen, og det var statsagronom *Johan Lindeqvist* som heldt orden i rekkene. Han vart tilsett i 1855 som statsagronom i Noreg, i lag med to andre. Desse fekk mellom anna i ansvar å rettleie bøndene i jordbruk og husdyrstell. Frå 1857 fekk Lindeqvist i oppgåve å vere "bestyrar av statens tiltak til framhjelp av hesteavl", og nokre av tiltaka han sette i verk var å kjøpe inn hingstar som kunne stasjonere seg kring om i landet, og å arrangere utstillingar. I 1861 reiste han rundt for å leite etter ein eigna avlshingst som kunne kjøpast av staten og brukast til å forbetre hestebestanden i fjorddistrikta på Vestlandet. Lindeqvist var svensk, og truleg vand med større tilhøve enn dei han fekk sjå i landsdelen vår. På turen sin var han mellom anna innom Mo i Førde, og om denne garden skal han ha sagt: "En mycket dålig gard, kan endast føde et par geter". På den tida hadde Mo vore i drift som jordbruksskule i 2-3 år, og var ein av dei største og beste gardane i distriktet.



Johan Lindeqvist

Nokon brukande avlshingst fann ikkje statsagronomen på Vestlandet, til trass for "at han søgte flittig", og enden på visa var at han kjøpte inn fire hingstar i Gudbrandsdalsdistrikta. Desse vart plassert ulike plassar på Vestlandet. Ein av desse hingstane var mørkbrune *Batalden 1 v. bl.*, som seinare vart førd inn med nummer 26 i den fyrste stamboka for gudbrandsdalshest, gjeven ut i 1902. Batalden stod stasjonert på jordbruksskulen på Mo frå han vart innkjøpt i 1861 og fram til 1865, men vart ikkje vist på utstillinga i 64. Det vart derimot ein av dei andre hingstane Lindeqvist kjøpte inn: *Harald Viking 2 v. bl.*, med stamboknummer 30 i dølehestboka. Harald Viking var mørkbrun med stjerne, og beskriven av statsagronomen som "En liten lækker og god, for de indre fjorddistrikter passende hingst". Hesten stod i Vik i Sogn frå 1861 til 1864, og ved utstillinga på Mo fekk han tildelt fyrste premie.



Skulen på Mo, med nye bygg frå 1864 og 1865

Lindeqvist var lite nøgd med kvaliteten på hestane som vart vist fram i 1864. Det var gjort i stand 30 premier, men berre 8 av dei vart delt ut, og om lag 25 hestar måtte gå heim utan nokon premiegrad. Mange av dyra var magre, og elles hadde dei feil, manglar og lyte som gjorde at dei ikkje kunne ha von om noko premiering. Nokre hestar kom langvegs frå, og ei av dei var den flotte merra *Lina* eller *Haugsskjevo*, tilhøyrande Anders Vikingson Hauge frå Voss. Ho var kjend som ei av dei to flottaste merrane dei gamle hestekarane på Voss visste om, og Lindeqvist må ha vore einig, for han gav henne fyrste premie. Denne merra var forresten *brunbroket* eller *skjevet* (i Fjordane kalla dei fargen for *salutt*). Dette tyda at hesten hadde det kvite flekkemønsteret vi i dag kallar "tobiano". Ein hest med slik farge har kvite føter og kvite flekkar som breier seg frå nakke og hals og nedover bogen og sidene. Nokre skjevete hestar har kvitt på bakenden og halen også, og vi finn att dette fargemønsteret hjå mellom anna islandshesten og shetlandspennien i dag. Når det gjeld dei norske rasane fanst det døler på Voss med slik farge heilt til på 1970-talet, medan den døyde ut hjå fjordhesten nokre tiår før.

Den gilde skjevete *Lina* vart para med den like lekke *Harald Viking* under utstillinga på Mo, og resultatet vart *Haugebrunen*, ein brun hingst med bles, som i sin tur vart far til *Odin* (*Skjervheimrauen*) 16. Denne kjenner dei fleste best som far til *Rimfakse 146*, han den store strida stod om tidleg på 1900-talet. Vi skal elles vere klar over at sjølv om ein del hestekarar på Vestlandet kring 50 år seinare gjorde det dei kunne for å reinske vekk spora etter gudbrandsdalshingstane *Batalden* og *Harald Viking*, så greidde dei det ikkje heilt, og det kan vi kanskje vere glade for. Søkjer vi langt nok bakover i stamtavlene til fjordhestane vi ser her på Mo i dag, så finn vi dei nemleg begge.


Av andre hingstar som vart premiært i Førde i 1864, finn vi 6 år gamle *Audun 2*, ein blakk hingst frå Stryn, tilhøyrande lensmann Joh. Landmark på Jølster, som fekk 3. premie, og 5 år gamle *Balder 3*, fødd i Norddalen på Møre. Han fekk 4. premie, og tilhøyrde på den tida Nordre Bergenhus Landhusholdningsselskap. *Audun 2* er ein hingst vi finn svært mange gongar i stammene til dagens

fjordhest, spesielt gjennom den ulsblakke dottera *Lydia 2*. Sidan den fyrste stamboka for fjordhest (som den gong offisielt heitte "vestlandshest") ikkje vart gjeven ut før i 1910, er det ikkje alle dei premierte dyra frå 1864 vi finn att der. Eg har nemnt fire, og som sagt var det ikkje meir enn åtte hestar totalt som vart funne gode nok for nokon premiegrad under utstillinga i 1913.

Etter dette vart det ikkje halde utstilling att i Førde før i 1875. Dei årlege hesteutstillingane skulle haldast skiftevis i det som no er fylka Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland. I Sogn og Fjordane (den gong Nordre Bergenhus amt) var det ofte Hornindal og Nordfjordeid husdyrfolket nytta til utstillingar, men etter kvart vart det meir og meir vanleg med hesteutstillingar i Sunnfjord. Frå og med 1875 var det *Tåene* på garden Skei like ved kyrkja i Førde dei brukte til framvisning av husdyr i distriktet, og frå rundt hundreårsskiftet var det hesteutstilling i Førde om lag anna kvart år, og av og til kvart år.

Utstillinga i 1913

Det skulle vore halde 50-årsjubileum for 1864-utstillinga i 1914, men slik vart det ikkje. Ein framskunda jubileet, og arrangerte stor utstilling i 1913 i staden for. Årsaka var 100-årsfeiringa av Noreg som sjølvstendig nasjon. Dette vart markert med ei svær utstilling i hovudstaden, som den gong heitte *Kristiania*. Denne utstillinga vara heile sommaren, frå 15. mai til 11. oktober, og var enorm. I byen var det også ei storstila mønstring av hestar, og fleire vestlendingar tok turen dit med dei flottaste dyra sine. Det var dermed greitt å få unna 50-årsjubileet i Førde i 1913, og slik vart det. Utstillinga vara i 3 dagar, frå den 9. til den 11. juni, og plassen var *Storehagen*, ein 40-50 dekar stor teig nede ved elva Jølstra. Her var det triveleg og romsleg, og god plass til alle. Grunnen til at ein måtte flytte utstillinga hit var at plassen på Tåene vart for liten til ei slik stor samling med dyr og folk.



Grim 534, 2. premie i 1913

Heile 208 hestar av begge kjønn vart vist fram desse dagane, samt om lag 60 avlsoksar og 420 kyr og kviger. I tillegg vart det stilt ut både sau, geit, gris og fjørfe, husflid, bruksting og ulike landbruksprodukt, mellom anna godt, feitt og gult smør. Utstillingskatalogen var ei heil bok på 126 tettekrivne sider, "og fortel om ei tid då bonden hadde hand om husdyrbestanden og all avl", skildrar Adolf Aase hendinga i ei artikkel frå 1969, der han levande beskriv dei flotte junidagane i 1913. Det må ha vore nokre travle dagar, og eit yrande liv med tusenvis av menneske. 35 hingstar og 84 merrar fekk premie eller godkjenning. Av dei


var 60 frå Nordfjord, 54 frå Sunnfjord og 3 frå Ytre Sogn. Det vart også premiert 2 statshingstar.

Statskonsulent *Karl Teig* var styrar for den delen av utstillinga som hadde med hestane å gjera, og med seg hadde han gardbrukar O. M Erdal, amtsdyrlege Salveson, gardbrukar N. Talle, gardbrukar O. Tryti, amtsdyrlege Myklestad og gardbrukar Ola Svor. Det var ikkje berre fjordhest som vart synt fram denne gongen heller, og dødehingsten *Skagastøl* imponerte stort. Han har stamboknummer 558 i dødehestboka, var brun, fødd i 1895 og eigd av Nordre Bergenhus amts landhusholdningsselskap.


Hingsten vart nytta som stamhingst for Indre Sogn, og hadde klatra gradene frå anbefalings- og bevaringspremie og heilt til 1. premie, som han fekk fleire gongar.

Den einaste fireårige fjordhingsten som fekk 2. premie i 1913 var hingsten *Grim 534*. Elles vart det, etter kva ein kan lese i stamboka, delt ut ein del anbefalingspremiar, bevaringspremiar og 3. premiar til hingstane som vart vist. Aase'n fortel at det var så som så med kvaliteten på hingstane, mange var "breid i bringa, smal om livet og stod lett på to". Grim, han som fekk 2. premie, var fødd i Stryn, og var etter Kåre 189. Ola Grimset i Naustdal kjøpte Grim som toåring, og både øyk og kar gav visstnok eit gildt inntrykk. Teig ville kjøpe hingsten til staten, og lukkast til slutt med det, sjølv om Grimset'n visstnok angra på salet i ettertid. 3000 kroner måtte konsulenten ut med for hesten, og det var ein dugeleg sum den gong. Grim vart plassert i Kvinnherad. Han viste seg å vere ein svært god avlshingst, og vi finn han bak i dei fleste fjordhestslekter i dag, opptil fleire gongar. Elles var flesteparten av dei premierte vestlandshingstane blakke i 1913, sidan ein hadde vald å satse på denne fargen, men O. M. Erdal frå Førde kom visst nok med ein sotgrå treårshingst, så dei fanst framleis dei andre fargane og.

Statshingsten *Frimann 268* fekk 2. premie i klassa for hingstar frå 10-14 år. Denne hingsten vart brukt i avl i 15 år, og stod på stasjon i Indre Holmedal, på Jølster, i Guddalen, og til sist på Breim. Han var sterkt døleprega, fortel Karstad i boka si *Fjordhesten*. Morfaren hans var visst nok ein blandingshingst frå Oldedalen i Nordfjord, og Frimann sjølv hadde raggete svarte føter, og lang mørk lugg med bylgjer og lokkar. I ettertid er kanskje Frimann mest kjent som far til hingsten *Håkon Tulipan 441*, morfar til *Molnesblakken 792*. I klassa for hingstar 4-9 år var det tre som oppnådde 2. premie. Utanom den før nemnde *Grim* var dette *Håkon 302*, fullbror til Frimann 268, og *Frithjof (Lyder Njålsen) 437*. *Håkon* var eigd av staten, til liks med broren, og stod i stasjon på Breim, på Jæren og i Olden. Hingstelinja etter *Håkon* lever framleis att i dag gjennom etterkommarane til *Enok 1610*. Spissen i klassa vart *Frithjof 437*, ein son av Njål 166. Han vart også kalla *Førdegråen*, og var eigd av Førde landboforening (landbruksforeining) frå 1908 til 1914, då han vart seld vidare til fylket. Også dette er ein hingst som har sett merke etter seg i avlen, og vi finn han i stammene til dagens fjordhestar mellom anna gjennom mange av dei gode dotrene han vart far til.



Frithjof (Lyder Njålsen) 437, 2. premie



Håkon 302, 2. premie


På utstillinga i 1913 vart det også vist fram mange flotte oksar og kyr. Svart var den vanlegaste fargen på feet den gong, og dei var både kollete og hornete. Ein flokk med grå hornete kyr var der og, og nokre raude, men dei var meir sjeldsynte den gong. Interesse var like stor for storfe som for hest, og det vart synt fram avkomsgrupper etter dei beste oksane. Utstillinga var så stor at ein måtte

planlegge godt om ein skulle få med seg alt, fortel Adolf Aase. Og dette makta altså Sogn og Fjordane i dei dagar. Nokre av orda til Aase´n er nok vel så aktuelle no som då: "Folk var viljuge til å betale for det beste den gong. Den gong var landbruket største arbeidsgjevaren, og jorda som matprodusent var gjev".

Hundreårsjubileet i 1964

Den 12. – 14. juni 1964 var det duka for ei verkeleg storhending i fylket vårt: Jubileumsutstilling for hest. Landbruksselskapet i Sogn og Fjordane med *Nordbø* i spissen stod for tilskipinga av jubileumsutstillinga, og med seg hadde dei mellom anna fylkesagronom Anda. Heile arrangementet heldt på i 10 dagar, fram til 21. juni, men hestane var der sjølvstekt ikkje heile tida. Fleire tusen menneske møtte opp, totalt var kring 30 000 personar innom, og det fanst husdyr av alle slag. I tillegg var der både maskinutstillingar og demonstrasjonar av reiskap til jord- og skogbruk, filmar, føredrag, husflid og handverk, sal av smellfeit rømmegraut, tivoli, dans og underhaldning, samt ein vellukka jubileumsmiddag med flotte talar. Veret var visst nok berre måteleg, men elles må stemninga ha vore god. Fjordhesten var den viktigaste aktøren, sidan han var årsaka til at utstillingane kom i gang hundre år tidlegare. Totalt vart det vist fram 101 hestar, 113 storfe, 49 grisar, 137 geiter og 141 høns. I dette oversynet må det vere berre fjordhestane som er tekne med, då ei anna kjelde fortel om 102 fjordhestar og 29 dødehestar. Ein bra flokk vert det uansett.


Sidan vêret var dårleg, var det godt at den nye utstillingshallen i sentrum nett stod ferdig, og kunne takast i bruk. Arrangementet vart opna med eit stort opptog, der to kvinner rei i spissen for eit fylgje med gjestar i stasvogner. Det var høg kvalitet over desse dagane, og fylket fekk demonstrert næringslivet sitt på ein framifrå måte, med varemesse i det nye garasjebygget til Firda billag, der 136 utstillarar var på plass. Elles var det meierikutstilling, og 22 maskinutstillarar frå ulike plassar rundt om i Sør-Noreg. Om kveldane var det dans og underhaldning med mellom anna Jakob Sande, Ivar Medaas med frue og Rolf Kirkvaag, og det var på førehand ordna med overnatting til 1200 personar.




Invitasjon til husdyrutstillinga i 1964

I 1964 vart det, til liks med i 1864 og i 1913, vist fram både merrar og hingstar på hesteutstillinga. Av hingstane fekk to 1. premie, og av desse vart *Heggtind 1611* til Indre Sunnhordland hestealag stilt fyrst i kvalitet. Nummer to vart *Valebu 1569* til Midtre Nordfjord fjordhestlag. Kor viktige desse to vart for fjordhestalet framover var det vel ingen som kunne spå den gong, men hingstelinjene etter dei begge lever framleis i dag, og Valebu si linje er den dominerande både i Noreg og i Danmark no. 12 hingstar møtte i eldste klasse i 1964, og av dei fekk som nemnt to 1. premie. Seks hingstar fekk 2.

premie, og fire fekk 3. premie. I den yngste klassa vart det også stilt ut 12 hingstar, og her fekk fire 2. premie, fire fekk 3. premie, medan fire gjekk ut. På den tida var hingstane framleis fire år når dei vart stilt ut for fyrste gong, og ikkje tre år slik som no. Spiss vart *Springar 1645* etter Stølmann, og vidare i kvalitet stod *Jobu, Rogar* og *Skreiason*. Ein av hingstane som gjekk ut, *Vital*, vart sagt å ha ein ulækjande tannsjukdom. I ettertid synt det seg visst at det kanskje ikkje var noko farleg likevel, men då var det for seint. *Vital* var sagt å vere ein god hest, og heldigvis vart han brukt litt som treåring. Han har dermed tre dotrer i stamboka, som fekk viktige plassar i fjordhestavlshistoria.



Heggtind 1611



Bjuti 12531

Det vart synt fram ei mengd med flotte merrar i Førde desse junidagane. Dei fleste kom frå Sogn og Fjordane, men det kom også dyr langvegsfrå. "Ein so gild samling har ingen av oss sett, og ser det truleg heller aldri meir sjølv dei som er yngre i dag", skriv Adolf Aase i sitt referat frå utstillinga. Det er ikkje kvardagskost å sjå slike forsamlingar med vakre hopper, og heile sju vart tildelt 1. premie i eldste klasse, medan åtte fekk 2. premie, og ei vart 3. premiært. *Bjuti 12531* til Anfinn Steindal stod fremst i kvalitet, og ho vart sagt å vere nærast idealet av korleis ei god merr skulle sjå ut på den tida. *Bjuti* vart mellom anna mor til hingstane *Bjutun Bruse* og *Bjutind*, og hingstelinjer frå begge desse to lever framleis att i fjordhesten i dag. Også i mellomklassa og treårsklassa var det mange gilde merrar. Statskonsulent *Loen* var styrar for sjået, og dommarar var veterinærane Skogen, Selvaag, Nærland og Skarbo, og bøndene Isak Myklebust, Ola Fimland og Ole Moberg Hauge.



Blåtind 1908

Nett som i 1864 og 1913, vart det også i 1964 stilt ut dødehestar i Førde. Fire av dei var hingstar, og *Typar 1888* tilhøyrande Voss hestalslag fekk 2. premie. Den einaste møtande treårshingsten var *Blåtind 1908*, ein liten hest med godt preg. I dag er han nok mest kjend for dødehestfolket som den vi har å takke for at den blå fargen framleis finst i rasen. Dølemerrane var visst nok svært pene og snertne, med flott reisning, og Tomas Feet si *Frøyda* og Mons Ese si *Laila* var blant dei vakraste, i fylgje Adolf Aase sitt referat.



Av storfe møtte 172, fortel Arnold Sletteland. Tala eg skreiv inn over stemmer altså ikkje her heller, men truleg er 172 mest rett, då det her er presisert at det var 62 oksar: 51 av sør- og vestlandsfe og 11 av NRF-rasen, og 104 sør- og vestlandskyr, samt 6 av rasen NRF. Ein ser at den gamle typen kyr framleis var mest vanlege på den tid, medan NRF-kyrne så vidt var på veg inn. Når det gjeld sør- og vestlandsfe må ein ha rekna både raudkolle og fjordfe inn i dette slaget. På jordbruksskulen på Mo fekk dei den fyrste NRF-kviga si nettopp i 1964, og året etter kom det ti nye frå landbrukshøgskulen på Ås. Med overgangen til NRF auka mjølkemengda dramatisk på få år. Av andre dyr var dei fleste på plass i 1964, med unntak av sauen, som hadde eiga utstilling om hausten. I tillegg til gris, geit og fjørfe som alt er nemnd, var det også mink og bier der, men desse vart berre tekne med til demonstrasjon.



Demonstrasjon av silolegging, 1964



Servering av rømmegrout utanfor utstillingshallen, 1964



Svinta 5498, 1. premiekyr i 1964

Avslutningsord

Med dette tilbakeblikket vil vi ynskje velkomen, og til lukke med 150-årsjubileet no i 2014. Vi håpar dette vert gjeve dagar, med mange flotte dyr å sjå. Skal tru om nokon av dei hestane vi ser no i år får varig verdi i framtida, på same måte som ein del av dei publikum og utstillarar kunne nyte synet av i 1864, 1913 og 1964? Det er freistande å runde av med dei avslutningsorda Adolf Aase nytta då han skreiv om 1913-utstillinga i året 1969, for dei er like gyldige den dag i dag: "Det er livsverdiar i alt som er hugtakande". Dette gjeld i høgste grad både naturen, kulturlandskapet og husdyra, og ikkje minst

vår ven *fjordhesten*. Han har helde stand i dei 150 åra som har gått sidan den fyrste utstillinga vart halden på Mo, og er framleis ein del av den vestnorske folkesjela. Mykje har skjedd med hesterasen i løpet av desse åra, og han har gått i gjennom ein rivande utvikling. Ein del av det opphavlege er endra, men det viktigaste har ein greidd å ta vare på: Ein vakker fjordhest har framleis eit preg og ei utstråling som gjer at vi er mange som ynskjer å arbeide vidare for dette dyret. Takka vere flinke og ihuga hestefolk finst rasen framleis, og gir glede til mange, kvar einaste dag. Oppgåvene for og bruken av hesten har forandra seg mykje, men vi kan vel seie om fjordhesten som om vestlandsbonden: Han er sers tilpassingsdyktig.
Nyt dagane på Mo!

*Med helsing Utstillingsnemnda i Sunnfjord fjordhestlag 2014,
ved Inger Grønntun*

Kjelder

Bakken (1986) *Fjordhesten*
Bakken, Hegdal & Sunde (1998) *Fjordhesten – Menneskevevnen*
Baardseth (1973) *Hesten i Østfold*
Dahle (2006) *Fjordhesten i Noreg*
Førsund (2008) *Skulen på Mo 1858-2008*
Karstad (1949) *Fjordhesten*
Lyssand (1951-52) *Fjordhesten – Frå dei eldste tider og fram til det tjugande hundreåret*
Mehl (1996) *Kvinnheradshesten*
Nestaas (2010) *Fjordhesten gjennom tidene*
Nordang (1955) *Fjordhestalet på Vestlandet i nyare tid*
Oslo byleksikon (1987)
Sletteland (2002) *Førde Fjordhestlag gjennom 70 år*
Stambok for vestlandshesten/fjordhesten, diverse band
Stambok for hestar av gudbrandsdalsk rase (dølehest), diverse band
Vassliås (2005) *Sunnfjord fjordhestlag 75 år 1930-2005*
Vestlandsk landbruk – tidsskrift (1964 og 1969)
Voss travlag (1979) *Hestar og hestekarar på Voss*
Våre Hester – tidsskrift (1958)

